

Jentelag i kretsmeisterskap

13.10.2009



Kari Bråtun skal spela i finalerunden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kretsmeisterskapet i fotball for 7'ar jentelaget (92-94) står for døra etter at laget frå Rosendal/Uskedal har vunne ein solid siger i serien over Halsnøy og Harding. Det sistnemnde laget slo dei sogar med 15-0 i den siste kampen. Uskedal er solid representert på laget, som har tapt berre ein kamp denne sesongen. Det var 3-2 for Halsnøy, men då hadde dei eit noko redusert lag.

Den første kampen i finalerunden blir spela lørdag 17. oktober og er mellom Selbjørn frå Austevoll og Eldar frå Voss.

Kamp nummer to blir lørdag 24. oktober , mellom taparen av denne første kampen og Rosendal/Uskedal..

Finalen går i Rosendal lørdag 31. oktober mellom vinnaren av den første kampen og Rosendal/Uskedal. - Dette blir kjekt og spennende, vi gler oss, seier oppmann Arvid Nes.

Han fortel at fire uskedelingar spelar fast på laget. Det er Anette Sandnes, Monika K. Sæle, Margaret Sæle og Ida Røssland, Men også Kari Bråtun, som er i "96-årgangen", går av og til inn på laget og Nes håpar at ho blir med no i finalerunden.

-Ho er eit stort talent, seier Nes,

Av Ola Matti Mathisen